

'Tekstmangfald og tilpassa opplæring i skulebiblioteket'

Erfaringskonferanse på Universitetet i Agder 7. juni

Åtte av dei første prosjektskulane i Program for skulebibliotekutvikling har fått støtte til vidareutvikling av sine prosjekt, og har status som ressursksular i programmet. Ressursksulane har spesialisert seg på kvar sine område, og fungerer som modellar på pedagogisk bruk av bibliotek. På erfaringskonferansen vil ressursksulane dele erfaringar og idear dei har samla i prosjektperioden.

Forskar Astrid Roe frå Universitetet i Oslo vil snakke om gutar og lesing. Roe er forskar ved Institutt for lærerutdanning og skoleutvikling, Universitetet i Oslo. Ho har sidan 1998 vore tilknytt lesedelen i PISA-prosjektet og har også hatt ansvar for utvikling av dei nasjonale prøvane i lesing.

Konferansen er ein dagskonferanse, og påmeldingsavgifta er kr 300.

Programmet, påmeldingsskjema og meir informasjon om konferansen ligg på nettstaden til Program for skulebibliotekutvikling www.skolebibliotek.uia.no. Her finn de og presentasjonar av utviklingsprosjekta i Program for skulebibliotekutvikling.

Under konferansen vil ressursksulane ha utstillingar som konkret syner kva den enkelte skule driv med, og det vil vere høve til å få meir informasjon om prosjekta.

Vel møtt til konferanse i Kristiansand den 7. juni 2011!

Beste helsing

Siri Ingvaldsen

Fagleg leiar

e-post: siri.ingvaldsen@uia.no

tel 38 14 20 16

Anne Kari Slettan

Prosjektkoordinator

e-post: anne.k.slettan@uia.no

tel 38 14 11 75